



## Byglandsnytt nr.42 – februar 2023

### Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland tlf. 37934700, [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no)  
*Neste utgåve: 2. mars 2023. Send tips innan 27.02. – [www.bygland.kommune.no](http://www.bygland.kommune.no)*

### Opningstider Bygland kommunehus

- **Sentralbord/Publikumsmottaket:** tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- **NAV:** tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- **NAV Bygland:** drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

**Evje og Bygland legesenter tlf. 37 40 79 00 - Legevakt tlf. 116 117**

**Bygland legekontor**

**Sentrum 18, 4745 Bygland**

**Evje legekontor**

**Ljosheimvegen 5, 4735 Evje**

|         | Bygland       | Evje          |
|---------|---------------|---------------|
| måndag  | 08.00 – 15.00 | 08.00 – 15.00 |
| tysdag  | stengt        | 08.00 – 15.00 |
| onsdag  | stengt        | 08.00 – 15.00 |
| torsdag | 08.00 – 15.00 | 08.00 – 15.00 |
| fredag  | 08.00 – 15.00 | 08.00 – 15.00 |

**EVJE OG BYGLAND LEGESENTER: tlf. 37 40 79 00**

telefontider måndag – fredag 08.30 – 11.30 og 13.00 – 15.00

**Tannlegeklinikken i Bygland via Evje tannklinikk tlf. 37 93 01 95**

**Sentrum 18, 4745 Bygland, 2. etg. på kommunehuset**

**Folkebiblioteket i Bygland tlf. 945 22 025**

|         | Bygland       | Byglandsfjord |
|---------|---------------|---------------|
| måndag  | 11.30 – 15.00 | 16.30 – 19.00 |
| tysdag  | 16.00 – 18.00 | 10.00 – 14.15 |
| torsdag | 13.00 – 17.00 |               |

## Politiske møte, sakspapir og protokollar

[www.bygland.kommune.no/innsyn](http://www.bygland.kommune.no/innsyn)

- **Levekårsutvalet:** 02.02. kl. 13.00
- **Kommunestyremøte:** 09.02. kl. 09.00

## Kunngjeringar

Ingen kunngjeringar for tida.

*Bygland kommune sine aktuelle kunngjeringar finn du her:*  
[www.bygland.kommune.no/kunngjeringar.522076.nn.html](http://www.bygland.kommune.no/kunngjeringar.522076.nn.html)

## Ledige stillingar

### **Byglandsfjord- og Bygland oppvekstsenter: Tilkallingsvikarar**

Søknadsfrist: fortløpande

Oppvekstsentra i Bygland kommune treng fleire tilkallingsvikarar som kan steppe inn ved behov.

Vi trengt vikarar både ved skulane, i barnehagane og på SFO. Det er ønskeleg med utdanning som lærar, barnehagelærar eller fagarbeidar, men ufaglærte kan òg sjøkje.

For nærare informasjon, kan du ta kontakt med:

- **Bygland barnehage - Sigrid Greibrokk:**  
[sigrid.greibrokk@bygland.kommune.no](mailto:sigrid.greibrokk@bygland.kommune.no)
- **Byglandsfjord barnehage - Siw Homme:**  
[siw.homme@bygland.kommune.no](mailto:siw.homme@bygland.kommune.no)
- **Bygland skule og SFO - Lene Fjerdingsstad:**  
[lene.fjerdingsstad@bygland.kommune.no](mailto:lene.fjerdingsstad@bygland.kommune.no)
- **Byglandsfjord skule og SFO - Hind Helene Harira:**  
[hind.helene.harira@bygland.kommune.no](mailto:hind.helene.harira@bygland.kommune.no)



---

### **Bygland kommune, Pleie og omsorg: Ferie-/sommarvikarar**

Vi treng sommarvikarar til Byglandsheimen, open omsorg, habilitering, kjøkken og heimehjelp.

Søknadsfrist **28.02.2023**, send til [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no)

#### **Spørsmål om stillingane**

- Leif Sigurd Helle, leiar Pleie og Omsorg. Tlf. 95 05 28 13

## NAV Midt-Agder: Veileder

Webcruiter-ID: 4611122776

Søknadsfrist: 28.02.2023



NAV Midt-Agder er eit vertskommunesamarbeid om NAV lokaltenester, for kommunane Vennesla, Iveland, Åseral, Bygland, Valle og Bykle.

Samarbeidet leverer kommunale og statlege NAV tenester til innbyggjarane i alle dei 6 kommunane. Vennesla er vertskommune, og hovudkontor for samarbeidet og me held til i Hunsfos Næringspark i Vennesla. Eininga har ca 70 tilsette, og dei fleste av desse har oppmøtestad i Vennesla.

Me søker no etter 2 engasjerte medarbeidarar som ønskjer å jobba i eit innovativt og nyskapande miljø.

Me er interesserte i søkjarar som kan arbeida innan Nav-rettleiing, økonomisk råd og rettleiing, rettleiing til arbeidssøkjarar eller oppfølging av arbeidssøkjarar med eller utan bistandsbehov.

Det kan i tillegg bli ledig langvarige vikariat frå 50 – 100% stilling innan ulike fagområde. DVs både brukaroppfølging, marknadsarbeid og økonomisk råd og rettleiing. Søkjar blir beden opplysa om ein også er aktuell for vikariat. Oppmøtestad er Bygland, Valle eller Bykle avhengig av kva som passar for brukar og for NAV Midt-Agder. Det må påreknast reising i jobben, i hovudsak innanfor arbeidstida.

### Kontaktperson:

- Cecilie Limm Pedersen, NAV-avdelingsleder, tlf. +47.90 93 13 11

*Informasjon om ledige stillingar i Bygland kommune finn du på heimesida [www.bygland.kommune.no](http://www.bygland.kommune.no) under meny punkt **Ledige stillingar***

Anna frå Bygland kommune

### **Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023**

Valdagen er 11. september, men allereie no må administrasjonen og politikarane



arbeide med førebuingane til valet. Det som er aktuelt no er listeforslaga.

Parti og grupper som ønskjer å stille ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023 må ha levert listeforslag til valstyret i kommunen eller fylkeskommunen **innan 31. mars kl. 12.00**. Fristen for innlevering er absolutt, noko som betyr at listeforslag som kjem kommunen i hende den 31. mars kl. 12.01 må bli forkasta.

Ein ting som er nytt til dette kommunestyrevalet, er at listeforslag kan leverast via ei elektronisk løysing. Det er valfritt om ein ønskjer å bruke den elektroniske løysinga, eller om ein heller vil levere listeforslaget på papir. Det er og mogleg å bruke ein kombinasjon av papir og elektronisk.

For å opprette listeforslag i listeforslagsportalen kan ein sjå her: [listeforslag.valg.no/](http://listeforslag.valg.no/) I denne lenka finn ein ei grei rettleiing på korleis ein gjer det.

Vil du vite meir om det å stille til val? Då kan du inn på denne lenka: [valg.no/om-valg/stille-til-valg/](http://valg.no/om-valg/stille-til-valg/)

## Helse

### **Tilbod om oppfriskingsdose av koronavaksine for personar mellom 18 og 64 år - torsdag 9. februar frå kl. 14.00 - 17.00**

Stad: Leilegheita på Byglandsheimen

Du vil ikkje få innkalling, det er bare å møte opp!



### **Informasjon frå FHI**

Oppfriskingsdosar:

Folkehelseinstituttet (FHI) tilrår at følgjande grupper bør ta ein ny oppfriskingsdose med koronavaksine:

- personar i aldersgruppa 65 år og eldre
- personar i aldersgruppa 18 - 64 år med underliggende risiko for alvorleg sjukdomsforløp
- ungdom i aldersgruppa 12 - 17 år med alvorleg grunnsjukdom
- gravide i 2. og 3. trimester

Dette vil for dei fleste vere dose 4. For enkelte med alvorleg svekka immunforsvar, vil det vere dose 5.

## Behandling av korona med tablettar

Viss du har høg risiko for å bli alvorleg sjuk av korona, kan det vere aktuelt at du får behandling med tablettar. Tablettane, som heiter Paxlovid, reduserer risikoen for å bli alvorleg sjuk.



Paxlovid. Foto: Produsenten

Det er viktig at behandlinga med tablettar startar tidleg. Viss du har høg risiko for å bli alvorleg sjuk og får luftveissymptom, bør du teste deg for korona.

### Kven vil ha nytte av tablettar?

Det er særleg tre grupper som vil ha nytte av behandling med Paxlovid-tablettar:

- Dei som har alvorleg immunsvikt
- Dei som er over 65 år, ikkje har fått vaksine dei siste seks månadene og har ein alvorleg sjukdom. .
- Alle som er over 80 år

### Kva skal du gjere viss du får luftvegssymptom?

Luftvegssymptom er først og fremst tett nase, hoste og sår hals. Ofte har du og feber eller vondt i hovudet.

- Viss du har høg risiko for å bli alvorleg sjuk av korona og får luftvegssymptom, bør du ta ein sjølvtest kvar dag - i inntil fire dagar.
- Viss sjølvtesten viser at du har korona, bør du kontakte fastlegen din eller legevakt.
- Viss testen ikkje viser at du har korona, kan du vente med å kontakte fastlegen.
- Viss symptoma blir verre, bør du kontakte lege, sjølv om sjølvtesten ikkje viser at du har korona.

### Kven har høg risiko for å bli alvorleg sjuk?

Du har høg risiko for å bli alvorleg sjuk av korona viss:

- Du har alvorleg immunsvikt. Til dømes fordi du har beinmargskreft eller lymfekreft og får medisinar som slår ut immunforsvaret.
- Du er over 65 år, ikkje fått vaksne dei siste seks månadane, og du har ein alvorleg kronisk sjukdom
- Du er over 80 år
- Du er over 50 år og har aldri har tatt koronavaksine.

Meir informasjon om kven som har høg risiko og kva du skal gjere viss du blir sjuk finn du på Helsenorge.no.

Behandling med tablettar erstattar ikkje vaksine. Det beste du kan gjere for å ikkje bli alvorleg sjuk av korona er å ta koronavaksine.

## Pleie og omsorg



# Drøyer du om å bli vernepleiar?

Hausten 2023 kan du ta ei **nett- og samlingsbasert** vernepleiarutdanning frå UiA.

**Søknadsfrist:** 15. april  
**Studiestad:** Evje



## No kan du studere vernepleie der du bur

Hausten 2023 kan du ta ein bachelor i vernepleie på Universitetet i Agder og kombinere det med livet du har i Setesdal. Søknadsfrist: **15.04.2023** (OBS! Nokre søkjargrupper 01.03.)



Foto: UIA

Tilbodet er utvikla i samarbeid mellom Universitetet i Agder, Lister kompetanse, Østre Agder samarbeidet og Setesdal interkommunalt politisk råd. Det er eit stort behov i kommunane for kompetent arbeidskraft innan helse. Det er også ein god sjanse for innbyggjarane våre til å få seg ei høgare utdanning nær heimstaden, seier Rita Hansen, dagleg leiar av Setesdal interkommunalt politisk råd.

### Meir om utdanninga

Vernepleiarutdanninga inneheld både eit helsefagleg og eit sosialfagleg perspektiv. Studentane vil få ein allsidig kompetanse som kvalifiserer til arbeid med alle aldersgrupper innan helse-, omsorg og velferdstenester. Utdanninga er på deltid over 4,5 år, og er samlings- og nettbasert. I tillegg vil det vere krav om 30 veker praksis. Studentane vil få praksisplass i regionen dei høyrer til.

### Kven kan søke seg inn på distriktsvenleg vernepleie?

Bygland, Bykle, Evje og Hornnes, Valle, Åseral, Iveland, Vennesla\*

\*Kun Hægeland (postnummer 4720 og 4721) og Øvrebø (postnummer 4715)

Få meir informasjon om studiet på [www.uia.no/distriktsvennlig-vernepleie](http://www.uia.no/distriktsvennlig-vernepleie)

**Byglandsheimen: Open dag** på Byglandsheimen onsdagar kl. 11.00 - 14.00. Programansvarleg: Margit Smedsland, tlf. 90 22 55 03

- kl.11.15 - Stoltrim- tøy og bøy
- ca. kl.12.00 – Tema-prating, Vi ser ein filmsnutt eller les ei tekst og pratar rundt dette.
- ca. kl.12.45- Bingo

Det vil bli servert kaffe.

**OBS! IKKJE Open Dag på onsdag 8. februar grunna kurs.)**



## Drift og forvaltning

### Fellingsresultat hjortevilt

Det er i 2022 felt 88 elg, 28 hjort og 23 rådyr i Bygland kommune.

Meir om fellingsresultat på det enkelt vald og jaktfelt samt type dyr kan de finne ved å gå inn på hjorteviltregisteret si heimeside: [hjorteviltregisteret.no/](http://hjorteviltregisteret.no/) under fana statistikk.



### Skogkurs.no informerer:

#### Digitalt kurs: Byggherre på skogsvegprosjekt

Skogkurs lanserer nytt digitalt kurs. Kurset alle skogeigarar som hyrer inn entreprenør til veganlegg bør ha.



Foto: privat

- Lenke til nyheitssak på Skogkurs.no:  
<https://skogkurs.no/nyheter/unnga-at-dette-skjer-under-ditt-ansvar/>
- Lenke til materialet på Skogkurs.no, der lenke til kurset også ligg:  
<https://skogkurs.no/artikkel/byggherre-pa-et-skogsveiprosjekt/>
- Direktelenke til kurset: <https://app.checkin.no/event/51263/>

### Direktoratet for byggkvalitet informerer:

#### Slik sparer du straum i gammalt hus

Er det huskaldt hos deg og trekkjer det kaldt frå vindauga? Med dagens straumprisar har me nokre smarte tips til kva du bør gjera om du slit med å halda varmen.



Foto: Carl M. Nordby for DiBk

Hus som er meir enn 40 år gamle, er mindre energieffektive og treng meir vedlikehald enn hus som er bygd dei siste 20 åra. Varme lekk gjennom gamle vindauge, vegger og tak. No som vinteren har kome, er det lite aktuelt å starta utvendig etterisolering av huset. Det bør du heller gjera i sommarhalvåret medan det er tørt og mildt vêt. Men det er likevel nokre smarte grep du kan ta for å få det varmare innandørs.



## Byt tetningslistene

Med åra kan både vindauge og dører røre på seg og bli skeive. Gamle tetningslister kan bli både morkne og sprø, og dermed vil kulda siva inn. Om du opplever at det trekkjer rundt vindauge og dører og det er lenge sidan sist du skifta tetningslistene, så er denne staden du bør starte. Viss du ikkje har tetningslister, er det på tide å montere det.

## Snø i vindaugskarm

Tetningslistene finst i fleire storleikar og er laga av ulikt materiale. Dette betyr at dei har varierende haldbarheit. Sjekk kor store sprekkane er før du kjøper tetningslista. Spør i butikken slik at du får den tetningslista som passar best hos deg.

## Etterisoler rundt vindauga

Dersom det framleis trekkjer frå vindaugget så kan det vera at du har for lite isolasjon rundt vindaugsramma. Då bør du fjerne listene rundt vindaugget og leggja på ekstra isolasjon. Dytt inn strimlar med isolasjon slik at det blir tett, men ikkje stapp for hardt. Du bør også setja på tape eller vindsperre utanpå isolasjonen. Dette vil gi godt vern mot trekk. Deretter set du på plass vindaugslistene igjen.

## Etterisoler kaldloftet

Mange av oss har kaldloft med lite eller ingen isolasjon. Eit av dei enklaste og mest effektive tiltaka du kan gjera for å få det varmare inne er å etterisolera kaldloftet.

Du rullar rett og slett ut isolasjonsmattar over bjelkelaget. Er det allereie isolasjon på kaldloftet, kan han liggja dersom han ser fin ut, men bør skiftast dersom han har fått skadar eller er flatklemt. Hugs at isolasjonen ikkje skal gå heilt ut til veggen eller taket. Det skal vera ein gleppe ytst slik at det kjem frisk luft inn på kaldloftet.

## Installer varmpumpe

Ei varmpumpe er ein effektiv måte å varma opp bustaden på. Ho vil ikkje fjerne trekken i huset, så for at han skal ha best mogleg effekt bør du tetta varmelekkasjane, slik me har beskrive over.

Det finst fleire typar varmpumpe. Den enklaste og rimelegaste varmpumpa å installera er luft-til-luft varmpumpe. Ho vil gi deg reduserte fyringsutgifter på sikt og er eit mykje rimelegare tiltak enn å etterisolera huset.

Alle varmepumper må monterast av ein godkjend installatør. Spør installatøren om kvar du bør plassera innedelen slik at du sikrar god sirkulasjon av lufta og dermed får varma opp mest mogleg av arealet i bustaden. Utedelen av varmepumpa må vera tilpassa vintertemperaturane der du bur.

### Be om dokumentasjon

Hugs å be montøren om dokumentasjon både på varmepumpa og på sjølv monteringsarbeidet. Dokumentasjonen er nyttig ved service og vedlikehald av varmepumpa, dersom du skal melda ein skade til forsikringsselskapet eller for verdifastsetjinga av bustaden din. Dersom dokumentasjonen er digital, bør du lasta den opp i Boligmappa eller ei anna digital løysing.

Ønsker du fleire oppussingsråd, kan du lesa meir på [smartereoppussing.no](http://smartereoppussing.no)

Sjekk om du kan få støtte til tiltak:

- Enova gir støtte til fleire energi- og klimatiltak. Sjå kva du kan søkja støtte til hos Enova: [enova.no/privat/alle-energitiltak/](http://enova.no/privat/alle-energitiltak/)
- Ein del kommunar gir også støtte til energisparetiltak. Sjekk med kommunen din om du kan ha krav på støtte.

### Bygland kommune og Energiportalen informerer:

#### Gratis klima- og energirådgeving til deg som eig ein bustad

Bygland kommune tilbyr no gratis klima- og energirådgeving til innbygarane våre.



Foto: EnergiPortalen

Energirådgevinga omfattar:

- Energianalyse av eigen bustad på nett. Søk opp bustaden din på [bygland.energiportalen.no](http://bygland.energiportalen.no)
- Digital synfaring med energirådgjevar. Registerer deg for time med rådgjevar: [agder.energiportalen.no](http://agder.energiportalen.no)

Rådgevinga skal bidra til at bustadeigarar brukar mindre energi og dermed og få ned straumrekninga. Å bruke mindre energi, eller gå over til fornybare energikjelder, er dessutan eit godt klimatiltak. I tillegg vil bustadeigarar med anna få råd om ladeløysingar for elbil og støtteordningar.

-Tilbodet er ein del av kommunen sitt arbeid med klima og energi. Vi skal bidra til kunnskapsbygging og legge til rette for at innbyggjarar skal kunne ta klimavennlege val, seier klimakontakt Even Simensen i Bygland kommune.

### **Gratis og uforpliktande klima- og energirådgeving**

I 2023 gjennomfører Bygland kommune ei klima- og energirådgevingskampanje retta mot hushaldingar. Målet er å motivere bustadeigarane til å redusere energibruken i eigen bustad og ta klimavennlege val. Dette blir gjort ved bruk av energiportalen.no (på nett) og tilbod om digital synfaring med ein objektiv energirådgjevar.

Du kan m.a. få råd om:

- Lading av elbil
- Etterisolering av veggjar og tak
- Bygging av vindauger og dører
- Installering av varmpumpe
- Solceller
- Smart styring
- Alternative energikjelder
- Støtteordningar frå Enova

### **Digital synfaring med energirådgjevar**

Du kan avtale ei synfaring med ein energirådgjevar som vil kunne hjelpe deg med smarte klima- og energiløysingar tilpassa bustaden din og husstanden sin økonomi. Dette er eit avgrensa tilbod. Gå til kalender for å finne ledige tider.

### **Energianalyse på nett**

Verktøyet Energiportalen mogleggjer objektiv nettbasert energianalyse av bustaden din. Gå til energiportalen.no og søk opp bustaden din. Du får rettleiing på korleis du bruker portalen.

### **Kven står bak tiltaket?**

Kampanjen er finansiert av Agder fylkeskommune og blir levert i samarbeid med kommunane i fylket.

Tenestene og rådgevinga er levert av Simenergi AS og EEFY AS.

### **Oppvekstsentra i Bygland**

**Vinterferie i veke 8 (20. – 26. februar)      GOD FERIE!**

## Plan og samfunnsutvikling

### Moglegheitsstudie for Presteneset

Moglegheitsstudien syner fleire moglege måtar å utnytte og bygge på Presteneset



### Bakgrunn

Både Bygland og Byglandsfjord er tettstader som over lengre tid har slite med negativ vekst, ledige forretningslokale og manglande investeringsvilje. Begge tettstadane har eit vesentleg potensial for utvikling både for å auke delen av bebuarar i sentrumskjernen og å styrke kvaliteten på viktige område og leggje til rette for nye næringar i dei tradisjonelle næringslokala. Satsing på bustadfortetting i eksisterande sentrumskjerne er eit godt tiltak for å redusere transportbehov og klimagassutslepp.

Agder fylkeskommune har bidrege med stadutviklingsmidlar til moglegheitsstudiar for både Presteneset og Byglandsfjord. Studiane skal sjå på stadane sine kvalitetar, staidentitet og utviklingspotensial. Moglegheitsstudiane skal innehalde 3D-modellar, slik at kommunen får eit effektivt verktøy for medverknad og visualisering av moglege utviklingsscenario. Studien for Presteneset er ferdig, medan studien for Byglandsfjord blir starta på vinteren 2023.

Materialet vil bli brukt i medverknadsprosessar og til politisk forankring av framtidige planprosessar i Bygland kommune.

## Presteneset

Arbeidet med moglegheitsstudien hadde som utgangspunkt at utviklinga skal bli tilpassa staden sin skala og lokale byggeskikk. I tillegg var det ei målsetting å forsterke dei eksisterande kvalitetane til staden, og om mogleg gjenopprette samanhengar som gir eit forsterka sentrumsområde. Analysane har fokusert både på moglegheit for fortetting ved etablering av nye bygningar, men også fokus på ny bruk av eksisterande bygningsmasse.

Eit viktig mål med prosjektet var å identifisere faktorar som bidreg til auka bustadkvalitet i området. Dette kan eksempelvis vere eksisterande kvalitetar som bør forsterkast, som lokal byggeskikk, bevaringsverdig bygningsmiljø og historiske plassar og samanhengar. Det er også sett på kva urbane kvalitetar området manglar, og om det er mogleg å auke bukvaliteten i området gjennom satsing på gode offentlege uterom og møteplassar.

Moglegheitsstudien vil danne eit viktig grunnlag for framtidig arealplanlegging og utvikling av området.

Lenka til Moglegheitsstudien finn du på kommunen si heimeside.

## Kultur

### **Lotteri- og stiftelsestilsynet har opna for ny søknadsrunde om straumstøtte**

**Søknadsfristen er 15. februar klokka 13.00**

No kan du søke straumstøtte for perioden

oktober, november og desember 2022. Lotteri- og stiftelsestilsynet vil betale ut straumstøtte

fortløpande etter dei har opna for søknadar, slik at dei som søker tidleg kan få pengane raskast mogleg.



*Illustrasjon: Lotteri- og stiftelsestilsynet*

### **Kven gjeld ordninga for?**

Straumstøtteordninga gjeld for organisasjonar med straumforbruk med ein månadleg gjennomsnittspris på over 70 øre per kWt i

søknadsperioden. Mottakarar får dekt 90 prosent av prisforskjellen

mellom 70 øre per kWt og den månadlege gjennomsnittsprisen. I dei tidlegare søknadsrundane har kompensasjonsgraden vore 80 prosent.

For desember kan også Midt-Norge (NO3) og Nord-Norge (NO4) søke om støtte. Her kan du sjå oversikt over områda som er omfatta av ordninga:

[lottstift.no/for-frivilligheten/stromstotte/sporsmal-og-svar-om-stromstotte-for-frivillige-lag-og-organisasjoner/](https://lottstift.no/for-frivilligheten/stromstotte/sporsmal-og-svar-om-stromstotte-for-frivillige-lag-og-organisasjoner/)

## Kven kan søke?

Søkar må ha organisasjonsnummer for å kunne søke, og desse organisasjonane har rett til å søke:

- Verksemdar som er registrerte i Frivilligregisteret. Vi oppfordrar organisasjonar som oppfyller kriteria, til å registrere seg.
- Verksemdar som ikkje er registrerte i Frivilligregisteret kan søke dersom eigarar/medlemmer med bestemmande innverknad er registrerte i Frivilligregisteret. Dette gjeld til dømes idrettslag som har skilt ut drifta i eit eige selskap som ikkje er registrert i Frivilligregisteret, der idrettslaget har den bestemmande innverknaden.
- Andre frivillige verksemdar som ikkje er registrerte i Frivillighetsregisteret: Kan få støtte dersom verksemda hovudsakleg er driven av frivillig arbeidsinnsats og det ikkje er høve for privatpersonar eller kommersielle føretak å oppnå økonomiske fordeler frå verksemda. Med frivillig arbeidsinnsats meiner vi menneske som bidrar utan løn eller anna form for økonomisk motyting, verken no eller i framtida. Til dømes kan frittstående kyrkjelyds- og forsamlingshus under Den norske kyrkja, grendehus og lokale forsamlingshus søke om dei hovudsakleg er drivne av frivillig arbeidsinnsats.

Les meir om vilkåra for ordninga og korleis du kan søke her:  
[lottstift.no/for-frivilligheten/stromstotte/](http://lottstift.no/for-frivilligheten/stromstotte/)

## Arkivinstitusjonane i Noreg på nettet

Er du interessert i historie?

Bruken til nettsidene til arkivinstitusjonar i Noreg aukar. Inkludert Digitalarkivet er det nær 2,5 millionar brukarar som ei gong i løpet av 2019 besøkte nettstaden til ein av dei 31 arkivinstitusjonane i Noreg.



## Nedanfor kan du finne nettadressa til fleire arkiv

På heimesidene til dei ulike arkivinstitusjonane kan du finne mykje interessant. Alt frå kjelder og historiar frå før 1814 (eldre historie), kjelder og historie frå etter 1814 (nyare historie), kart og teikningar frå ca 1650 og fram til vår tid og mykje meir, kan du finne på desse sidene.

- Arkivverket: [arkivverket.no/utforsk-arkivene](http://arkivverket.no/utforsk-arkivene)
- Digitalarkivet: [digitalarkivet.no](http://digitalarkivet.no)
- Aust-Agder Museum og Arkiv (Kuben Arendal): [kubenarendal.no](http://kubenarendal.no)

## Kom i gang med TellTur

TellTur.no er dei landsomfattande elektroniske systema til friluftsråda for turregistrering.

I gratisappen "Norgeskart friluftsliv" finn du "TellTur" der du kan registrera turane dine.

1. Last ned gratisappen 'Norgeskart friluftsliv'.
2. Gå inn på menyen på appen. Trykk på TellTur. Trykk 'Aktiver TellTur'. Registrer ein ny brukar.



Ver merksam på at det ikkje er fysiske kodar eller merkar på stadene. Når du er innanfor 50 m av målet vil du kunna 'sjekka inn' på turmålet gjennom appen (hugs å skru på posisjon/GPS på mobilen din). Appen blir også brukt for å navigera fram til turmålet. Turane er graderte enkel (grøn), middels (blå) og krevjande (raud) - Merkehandboka s.51. Du vel sjølv om du vil gå same tur mange gonger, eller gå ulike turar for å få poeng.

Både nettsida telltur.no og appen 'Norgeskart friluftsliv' kan brukast for å utforska turmoglegheiter i regionen. Du treng ikkje registrera deg eller turar! Zoom inn på kartet og trykk på dei ulike turane for å få meir informasjon. Appen har gode kart over Noreg og er rik på funksjonar med mellom anna sporloggfunksjon og moglegheit for å få opp høgd og stadnamn kvar som helst i kartet.

Per dags dato er det publisert over 500 turmål i regionen. Hugs oppdatering av appen jamleg for å få med ev. nye turmål som blir lagt inn. Dette blir gjort ved å trykkja på halvsirkelen med pil oppe i høgre hjørne på telefonen når du er i turmålvindauget i appen.

## Kyrkjene i Bygland

### Kyrjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd

Sentrum 18, 4745 Bygland

### Kontakt

**Sokneprest:**

Kjell Steinbru: 473 28 472

**Kyrkjevevje:** Olav Nilsen: 982 99 711

**Prostidiakon:** Per Emanuelson: 977 19 173



**Andaktar** på Byglandsheimen i februar

- tysdag 07.02. kl. 14.00
- tysdag 21.02. kl. 14.00





## Gudstenester (med atterhald)

sundag 12.02. kl. 11.00, Bygland kyrkje. v/ Kjell Steinbru

sundag 26.02. kl. 16.00, Årdal kyrkje, Grendi. v/ Kjell Steinbru

## Soknerådsmøte

måndag 13.02. kl. 19.00, Kyrkjekontoret på Bygland

Kyrkjelyden si heimeside: [bygland.kyrkelyd.no](http://bygland.kyrkelyd.no)



Bilete: Årdal kyrkje, Grendi.  
Fotograf: S. Hegenscheidt

## Bygland Frivilligsentral

**KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral,**

Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post:

[post@bygland.frivilligsentral.no](mailto:post@bygland.frivilligsentral.no)

Info: [bygland.frivilligsentral.no](http://bygland.frivilligsentral.no) og på Facebook



### Opne aktivitetar:

- **BUA Bygland (tidlegare Utstyrssentralen)**, [bua.io](http://bua.io), tlf. 94 50 28 58
- **Utkøyring av middag** to gonger i veka
- **Besøksven** for eldre

### Andre aktivitetar: IKKJE OPPDATERT TIL FEB!

- **Seniorsenter**: annankvar måndag i oddetalsvekar, kl. 11.00 – 14.00, Pakkbua på Byglandsfjord (**13. Og 27.02.**)
- **Bingo**: annakvar tysdag kveld kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral (**14. og 28.02.**)
- **Bygdemiddag**: annankvar tysdag kl. 16.30 – 18.00 (**07. og 21.02.**)
- **Open dag på Byglandsheimen**: kvar onsdag kl. 11.00-14.00 (**OBS! Ikkje 08.02. grunna kurs.**)
- **Styrketrening**: torsdagar kl. 13.00-14.30, Byglandshallen
- **Strikkekafé**: 1. og 3. torsdag, kl. 18.00 – 20.00 (**02. og 16.02.**)
- **Språkkafé**: annankvar tysdag (i oddetalsveker) kl. 12.00 – 13.00, Bygland frivilligsentral (**14. og 28.02.**)
- **Tysdagskafé**: annankvar tysdag kl. 12.00 – 14.00 (**07. og 21.02.**)
- **Onsdagsklubben i Årdalshallen for 5.-7. klasse**: annankvar onsdag (i partalsveker) kl. 19.00 – 20.30 (**08.02.**)

## **Bygland ungdomsklubb** (ikkje i skuleferien eller høgtider)

**mån:** 18.30-20.00, 5-7 klasse, Byglandshallen

**mån:** 20.00-22.00, 6-10 klasse,

Byglandshallen

**ons:** 19.00 - 22.00, 6 (**NY!**) -10 klasse,

Byglandshallen

**Klubbkvelder 1 gång/månad.** Følg med på Facebook for neste dato.

**fre:** 18.00 - 21.00, 5 -7 klasse, Årdalshallen.

**lau:** 19.00 - 23.00, 6 (**NY!**) klasse – VGS, Byglandshallen



### **OBS! Vikarsplan veke 6 og 7:**

- måndag 06.02. kl. 18.30 – 21.30 - Foreldre: Svanhild Honnemyr-Stølen og Kari Greibrokk
- onsdag 08.02. kl. 19.00 – 21.30 - Foreldre: Svanhild Honnemyr-Stølen og Kari Greibrokk
- måndag 13.02 kl. 18.30 – 21.30 – Foreldre: Ulf Haraldsen og Astrid Carlsen
- onsdag 15.02. kl. 19.00 – 21.30 - Foreldre: Ulf og Astrid

*OBS: det vert ikkje kiosksal desse dagane.*

### **Brokke tur for ungdom 6-10 Klasse 20. februar (i vinterferien!)**

Har du lyst til å vere med på ein dag i Brokke alpinsenter saman med venane dine og Frivilligsentralen/BUA?

**BUA**  
BYGLAND

BYGLAND  
FRIVILLIG  
SENTRAL

**BUA/Frivilligsentralen inviterer**

**Vil du vere med oss på tur til Alpinsenteret på Brokke?**

**Meld deg på : [bygland.frivilligsentral.no](http://bygland.frivilligsentral.no)**

Alt er gratis!! Buss, mat, dagskort og utstyr via BUA.

Me booker buss som starter på Byglandsfjord og returnerer til Byglandsfjord. Me legg til rette for å plukke opp ungdom langs vegen til Brokke.

For dei som ikkje har årskort, dekker me dagskort.

For dei som ikkje har utstyr, låner me ut frå BUA så langt lageret held.

HUGS Å GÅ INN Å RESERVERE det du treng på førehand (minimum 3 dagar før avreise). Det gjer du på BUA si nettside:

[www.bua.no/utlansordninger/bua-bygland](http://www.bua.no/utlansordninger/bua-bygland)

Får du det ikkje til kan du kontakte vakttelefonen vår på 945 02 858. Den er open frå 15.30-20.00 på kvardagar.

Det er også mogleg å gå på langrenn denne dagen. Langrennsutstyr kan også lånes frå BUA.

For dei som vert sultne, serverer me hamburger frå bålpanne ved nistebua på Brokke.

Me er nokre vaksne med, men me treng fleire for å gjennomføre dette.

Om du kunne tenke deg å bidra til glede for ein gjeng med ungdom så set me veldig pris på det! Det kan du krysse av for i påmeldingsskjema.

OBS: Me tek forbehold om nok vaksne til å gjennomføre turen. Dersom me ikkje får nok frivillige, må ein kanskje sette grense på antal deltagarar.

Sjølv om det er vaksne med, kan me ikkje ta ansvar for at det ikkje kan skje ulykker i løypa. Difor må ein som føresett godkjenne at ein er klar over dette, og samtykke til at ein er klar over det dersom ein sender sin ungdom med på turen.

### **Sport-Event arrangerer: Barnas Skileiker**

«Tour-of-Norway for Kids» arrangør Sport-Event arrangerer gratis skifest for alle barn.



*Illustrasjon: Sport-Event*

Tid og stad for skileiker i Setesdal:

- Brokke alpinsenter, Brokke: 8. februar kl. 18.00
- Høgås ski anlegg, Evje: 9. februar kl. 18.00

*For meir informasjon og påmelding: [skileiker.no](http://skileiker.no)*

### **Har du planar som kostar pengar?**

Gjensidigestiftelsen inviterer til digital søkjarmøte for sommarutlysinga 2023 8. februar kl. 17.30.



Møtet varer i éin time.

I møtet vil me gå igjennom kriteria for utlysinga, søknadsskjemaet og dessutan tips og råd til dykk som ønskjer å søkja støtte. Det vil også bli høve til å stilla spørsmål gjennom Teams undervegs.

For å delta på møtet må du registrera deg på nettsida vår: [gjensidigestiftelsen.no/sokermote-for-sommerutlysningen-2023/](https://gjensidigestiftelsen.no/sokermote-for-sommerutlysningen-2023/)

### **Midt-Agder friluftsråd informerer:**

#### **Naturlosbrosjyre 2023**

Vil du melde inn ein tur du arrangerer?

Naturlos er no i gang med å lage ein ny Naturlosbrosjyre for Agder.



*Foto: Midt-Agder friluftsråd*

Vi vender oss derfor til lag og foreiningar som planlegg turar og arrangement dei skal gjennomføre i 2023. Det kostar ingenting å annonsere turane i brosjyren. Turane/arrangementa må vere opne for alle, og skal i utgangspunktet vere gratis. Brosjyren blir gitt ut til alle husstandar i kommunane; Kristiansand, Lillesand, Birkenes, Vennesla, Iveland, Evje og Hornnes, Bygland, Åseral, Valle, Bykle, Hægebostad, Lindesnes, Kvinesdal, Lyngdal, Farsund, Flekkefjord og Sirdal.

Onlineregistrering og fjorårets Naturlosbrosjyre finn du på nettet: [midt-agderfriluft.no/tur-aktivitet/naturlos](https://midt-agderfriluft.no/tur-aktivitet/naturlos).

Innmeldingsfristen er **01. mars 2023**.

Me ønskjer også å informera lag og foreiningar om høvet til å søkja om turstimidlar frå Sparebanken Sør. Turstimidlane skal brukast til å laga til nye turstiar eller oppgradera eksisterande. For mer informasjon og søknadsskjema, se vår nettside <https://www.midt-agderfriluft.no/.../sparebanken-sor...>

### **Sparebanken Sør informerer:**

#### **Turstimidlar - Søknadsfrist: 01. mars**

I lokalsamfunna våre finst det eit eldorado av turstiar på kryss og tvers. Sparebanken Sør har til saman sett av tre millionar kroner som skal brukast på utbetring og

etablering av lokale turstiar i perioden 2021-2023. "Sparebanken Sør turstimidlar" er eit samarbeid mellom banken og friluftsråd frå Bryne til Sandefjord.



*Foto: Sparebanken Sør*

Lag og foreiningar bidreg med store mengder samfunnsnyttig dugnadsinnsats år etter år. Denne frivilligeita kjem støtt og stadig

befolkninga til glede og nytte. Å vera på tur ute i naturen er bra for den fysiske og psykiske helsa vår. Nordmenn går på tur i nabolaget, i lysløyper og på toppstur. Me går på turar i nærområde, og me oppsøker nye turområde. Nokon går på rusletur, medan andre spring ein tur. Me veit at dei ulike turstiane blir brukte av mange.

#### **Kva kan turstimidlane brukast til:**

Turstimidlane skal brukast til å laga til nye turstiar eller oppgradera eksisterande. Døme på oppgradering kan vera betre skilting, betre tilkomstmoglegheiter, eller på annan måte tilrettelegging langs eller på turstiar.

#### **For å søkja Sparebanken Sør turstimidlar må ein:**

- Være eit frivillig lag og/eller ei foreining (søknader frå lag og foreiningar i eigarkommunane til friluftsråda blir prioriterte).
- Ha ein tursti som skal utbetrast eller lagast til i området frå Bryne i vest til Sandefjord i aust.
- Ha ein realistisk framdriftsplan og god gjennomføringsevne.
- Leggja fram budsjett for prosjektet/tiltaket saman med søknaden. Under dette verdi av dugnad og andre finansieringskjelder.
- Ha ein avklart plan for vidare drift og hald ved like.
- Ha ein avtale med grunneigar(e), der traseen også er kartfesta (søknader med skriftlege avtalar vil bli prioritert).
- Ha avklart forhold til eventuelle vernereglar og kulturminne.
- Ha avklart forhold til eventuelle andre brukargrupper i området.
- Ha ein plan for synleggjering av gåva.

Ein jury vurderer søknadene og innvilgar inntil 50 prosjekt pr år, med ei totalramme på inntil kr. 1.000.000. Grensen oppover for tildelt beløp er kr. 100.000. Det blir ønskt at midlane blir fordelte over heile regionen i løpet av 3-års perioden.

Prosjekta skal etablerast i nærområde og skal vurderast ut frå:

- Geografi
- Befolkningstall
- Adkomstmuligheter
- Allmenn nytte

Offentleggjing av prosjekt som får tildelt midlar i 2023 skjer 22.03.

## Innspel frå Rådet for eldre og funksjonshemma

### Strøsand (singel) til eldre!

Frivilligsentralen i samarbeid med Rådet for eldre og funksjonshemma, har i vinter eit tilbod til dei som har vanskar med å hente sand på Nesmoen.



I garasjen til heimesjukepleien (ved Byglandsheimen) blir det sett ned bytter med singel. Det er 12 liters murebytter. Dersom ein treng singel til hjelp på glatta kan ein kome med ein tom bytte, sette den ned og ta med ei full. - For kontakt ring heimesjukepleien tlf. **952 34 632** eller Frivilligsentralen tlf. **945 10 770**. For å få kontroll med kven som har bytta bøtter, blir det lagt ned ei liste der ein må skrive ned navnet sitt.

## Tømekalender for Bygland kommune – februar 2022 – ikkje oppdatert enda

- **Matavfall** og **restavfall**: veke 6: torsdag 09.02.
- **Papir** og **plast**: veke 8: tysdag 21.02.
- **Matavfall** og **glass/metall**: veke 8: torsdag 23.02.

### Gjenvinningsstasjoner

**Nesmoen, Bygland**: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (08.02.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (25.02.)

**Syrteit**: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (11.02.)  
*Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: [post@smg-iks.no](mailto:post@smg-iks.no) heimeside: [www.smg-iks.no](http://www.smg-iks.no), tlf.: 37 93 17 00*

### Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 42:

**Bilete**: Framside: KVS-Bygland av Frank Egil Reise. Innhald (m. m. anna er spesifisert): [pixabay.com](http://pixabay.com), S. Hegenscheidt, Anne Fauske. Red.nytt og Kva skjer: S. Hegenscheidt. Takk til alle fotografer!

**Redaksjon**: Susanne Hegenscheidt. **Korrektur**: Mari Rygg. Byglandsnytt mars 2023: 02.03., skrivefrist 27.02.



## KINO PÅ BYGLAND KULTURSCENE

**Bygdekinoen 22. februar kl. 17.30 og kl. 19.30**

Vi har ingen informasjon om kva slags filmer Bygdekinoen syner. Følg med på heimesida, Facebook eller plakater for nærmere informasjon.

## YMSE

### **BYGLAND TURIST- KONTOR**

#### **på Stoga kulturkafé**

Presteneset 10, 4745 Bygland:  
sundagar kl. 12.30 – 18.30, kaffe  
& meir, tlf. **907 81 105**



*Bilete: Olav Grendstad*

## **STOGA**

### **BTW Bygland teater workshop** for unge.

Kvar torsdag kl. 15.00 – 17.30. Stoga kulturkafé, Bygland. Instruktører: Olav Grendstad, Astrid Carlsen og Karna Emblemvåg.

Eit samarbeide med Bygland kommune.



### **BRYGGA på Presteneset på Bygland**

**Kompetorsdag** kvar torsdag frå og med kl. 13.00. Bestilling hos Nina, tlf. 932 62 168



### **KONG HANES EFTF.** Korøving kvar onsdag

kl. 19.30, musikkrommet på Bygland skule..  
Gamle og **nye** songar velkomne! 😊



**BYGLAND HORNMUSIKK** Musikkøving  
kvar tysdag kl. 18.00, Bygland kulturscene.





## BYGLAND IL Telenor karusell på Heistad

- måndag 06.02. kl. 18.00
- tysdag 14.02. kl. 18.00

på Heistad lysloipe. Gratis deltaking for barn. Påmelding startar kl.17.40

*For meir informasjon: [byglandil.com](http://byglandil.com)*



## SKISPORET.NO: Søk etter skistader og loiper over heile landet:

[beta.skisporet.no/map](http://beta.skisporet.no/map)

Med loiper i Setesdal!



## FAMILIEBADING symjehallen på Bygland

tysdagar kl. 17.00 – 20.00

fredagar kl. 17.00 – 20.00

**Damesymjing:** tysdagar 20.00 – 22.00

**OBS! Ikkje i vinterferien (veke 8)!**



## BYGLAND NÆRINGSBLAG Næringslaget si næringsundersøking i Bygland 2022

Bygland Næringslag blei stifta 9. juni 2022.

Hovudfokuset for næringslaget er m.a. å fremje og legge til rette for vekst i lokalt næringsliv.



Bygland Næringslag

Næringslaget har planar om å vidareføre næringslunsjar, arrangere fagseminar og evnt. sosiale arrangement.

For å få tilbakemelding frå næringslivet i Bygland, sendte dei ut ei spørjeundersøking - ein Questback til næringsdrivande i kommune. Nedanfor kan du sjå resultatet av undersøkinga.

Resultatet av spørjeundersøkinga finn du på Bygland kommune si heimeside, [bygland.kommune.no](http://bygland.kommune.no)



## KVA SKJER I BYGLAND?

# Februar 2023

(med atterhald om endringar)

**Vinterferie 20. – 26.02.**

**GOD FERIE ☺**

| DATO           | ARRANGØR OG STAD                   | TID            | ARRANGEMENT                     |
|----------------|------------------------------------|----------------|---------------------------------|
| onsdag 01.01.  | Byglandsheimen                     | 11-14          | Open dag                        |
| måndag 06.02.  | Bygland IL, Heistad lysloipe       | 18.00          | Telenor karusell                |
| tysdag 07.02.  | Byglandsheimen                     | 14.00          | Andakt                          |
| onsdag 08.02.  | Sport-Event, Brokke alpinsenter    | 18.00          | Barnas skileiker                |
| torsdag 09.02. | Sport-Event, Høgås skianlegg, Evje | 18.00          | Barnas skileiker                |
| sundag 12.02.  | Bygland kyrkje                     | 11.00          | Gudsteneste                     |
| tysdag 14.02.  | Bygland IL, Heistad lysloipe       | 18.00          | Telenor karusell                |
| onsdag 15.02.  | Byglandsheimen                     | 11-14          | Open dag                        |
| måndag 20.02.  | BUA Bygland, Brokke                |                | Skidag på Brokke                |
| tysdag 21.02.  | Byglandsheimen                     | 14.00          | Andakt                          |
| onsdag 22.01.  | Byglandsheimen                     | 11-14          | Open dag                        |
|                | Bygdekinoen, Bygland kulturscene   | 17.30 og 19.30 | Ingen informasjon om filmtittel |
| sundag 26.02.  | Årdals kyrkje, Grendi              | 16.00          | Gudsteneste                     |

**Aktiviteter til Bygland frivilligsentralen: sjå s. 16**

**Bygland Ungdomsklubb med vikarsplan for veke 6 og 7: sjå s. 17**